



**POLITIET**



Samarbeidsavtale for Politiråd  
mellom Kviteseid kommune og Sør-Øst  
politidistrikt

2024-2028

## **Innhold**

Samarbeidsavtale for politiråd og politiets tenestetilbod.....	3
Føremål.....	3
Organisasjonstilhørsle .....	3
Kviteseid Politiråd .....	3
Tema for Politirådsmøta kan vere .....	4
SLT.....	4
Lokale mål for Politirådet.....	4
Tid .....	5
Teieplikt .....	6
Gyldighet.....	6

# Samarbeidsavtale for politiråd.

I politilova § 1 er det overordna målet for politiets verksemd definert slik:

*Staten skal sørge for den polititjeneste som samfunnet har behov for. Polititjenesten utføres av politi- og lensmannsetaten.*

*Politet skal gjennom forebyggende, håndhevende og hjelpende virksomhet være et ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgernes rettsikkerhet, trygghet og alminnelige velferd for øvrig. (<https://lovdata.no/lov/1995-08-04-53/§1>)*

## Føremål

Politirådet er det formaliserte samarbeidet mellom øvste leiing i kommunen og lokalt politi. Rådet skal vere eit strategisk organ for det lokale kriminalitetsførebyggande arbeidet, og sikre informasjonsdeling mellom kommune og politi.

Politiets representantar i politirådet skal ha mandat til å forplikte politiet.

Politirådet har ansvar for redning og beredskap, og ein sentral tanke bak er at kunnskap om lokale problem skal omsetjast til samordna innsats. Politirådet skal bidra til å prioritere og avklare ansvar.

Politirådet i Kviteeid kommune, er styringsgruppe for SLT (Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggande Tiltak).

Politirådsavtala er ei formalisering av samarbeidet mellom kommune og politi, med oversyn over satsingsfelt med underliggende tiltaksområde.

Politet og Kviteeid kommune er samde om å samarbeide tett om satsingsområda i denne avtala.

## Organisasjonstilhørsle

Politirådet er organisatorisk knytt til lokal tenesteeining og Kviteeid kommune, og skal som eit minimum være samansett av representantar frå leiinga i kommunen og politiet. Dette bør minst vere ordførar, rådmann og tenesteeiningsleiar/politikkontakten for kommunen. SLT-koordinator i Kviteeid kommune, er politirådets sekretær.

### Kviteeid Politiråd

#### Faste medlem:

- Ordførar (leiar)
- 1 representant frå formannskapet
- Kommunedirektør
- SLT-koordinator (sekretær)
- Beredskaps-koordinator
- Politiet ved politikkontakt

Andre aktørar inviterast inn ved behov. Aktuelle kan vere folkehelsekoordinator, leiar av ungdomsrådet, kommunalsjef velferd, representantar frå reiselivet, kyrkja, fylkeskommunen og andre arrangørar.

Minst ein gong i året skal tenesteeiningsleiar i Midt- og Vest-Telemark politistasjonsdistrikt inviterast inn.

## Gjennomføring Politirådsmøter

Rådet skal møtast minst 2 gonger per år, rundt mai (planlegge sommar, ferie, arrangement osb.), i september (etter skulestart, planlegging av haust og vinter, innspel til budsjettarbeidet med meir).

Det kan i tillegg bli halde Politiråd der agenda er avgrensa til SLT-saker.

Agenda for møta vert sendt ut seinast 1 veke før møtet. Det skal bli skrive referat som vert sendt ut til partane og arkiverast i kommunens arkivsystem.

Kviteseid kommune er ansvarleg for å kalle inn, leie møta og skrive protokoll.

### Tema for Politirådsmøta kan vere

- Informasjon frå politiet kring kriminalbiletet i kommunen
- Informasjon frå politiet kring radikaliseringbiletet i kommunen
- Orientering kring aktuelle saker i kommunen
- Drøfting av satsingar og tiltak
- Utarbeiding av årshjul og tiltaksplan
- Årleg oppsummering og evaluering av arbeidet
- Styringsgruppe SLT:
  - Få rapportering frå *SLT arbeidsutvalet*
    - Tiltak og oppfølging
    - Effektar av tiltak og oppfølging
  - Slutning kring saker som skal attende til *SLT arbeidsutvalet: spørsmål kring økonomi og andre saker som trengslutning frå styringsgruppa*
  - Årleg oppsummering og evaluering av arbeidet

### SLT

Kviteseid kommunestyre vedtok igangsetjing av SLT-samarbeid i samband med budsjett 2023, og arbeidet kom i gang gradvis hausten 2023. Målet til SLT i Kviteeid er at SLT gjennom ei forpliktande samordning skal sjå til at barn og unge har trygge oppvekstvilkår. Den generelle målgruppa for arbeidet er barn og unge under 18 år, og særskild dei som er i ein vanskeleg og utfordrande livssituasjon.

Medan politirådet famnar heile befolkninga, har SLT primært barn og unge som målgruppe. Politirådet er eit samarbeid på strategisk nivå, medan SLT-samarbeidet går føre seg på både strategisk, koordinerande og utførande nivå.

### Lokale mål for Politirådet

Basert på lokal tilpassing og kunnskap, har politirådet vorte einige om følgjande satsingsområde og tiltak:

#### Trafikktryggleik

- Tiltak mot generell trafikktryggleik, null drepne og hardt skadde ved bruk av motorisera køyretøy i Vest – Telemark (nullvisjon)

- Tiltak mot ruskøyring, på vei, vann og i utmark
- Tiltak mot ulovleg motorferdsel i utmark
- Haldningsskapande arbeid

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

- Tiltak for å senke politiet si responstid til prioriterte hendingar i kommunen
- Beredskapsråd 1 eller 2 gonger i året
- Oppdatert ROS – analyse
- Samarbeidsmøte/kommunikasjon i forkant av større arrangement eller offentlege hendingar
- Haldningsskapande arbeid

### **Vald, overgrep, trugslar, hatkriminalitet – fysisk og på nett**

- Førebyggje seksuelle overgrep fysisk og på nett
- Førebyggje vald i nære relasjoner og mot sårbare voksne
- Førebyggje hatkriminalitet
- Førebyggje deling av biletar, trugslar og mobbing blant barn og unge
- Førebyggje negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og menneskehandel
- Haldningsskapande arbeid

### **SLT arbeidet**

- Planar – utarbeide og følgje opp
- Ungdata, Ungdata Junior og Ungdata+

Dei uteva punkta over syner dei overordna satsingsfelta, medan underpunktata syner tiltaksområda. Denne lista kan vera dynamisk, og er ikkje uttømmande.

Føremålet med desse satsingane er å sikre ei heilskapleg førebyggjande tilnærming til handtering av kriminalitet og utryggleik.

### **Oppfølging i SLT styringsgruppe og politiråd**

**Politirådet er styringsgruppe for SLT arbeidet i Kviteseid kommune.**

Medlemmene i politiråd er ansvarlege for at tilrådingar i Styringsgruppa vert følgde opp av kommunen, politiet og andre.

Politirådet skal gjennom SLT etablere samarbeid med Ungdomsrådet i Kviteseid, og politikontakten skal minst ein gong i året møte i ungdomsrådet.

Politirådet gjer framlegg om revidering av politivedtekten dersom dette er naudsynt for å spegle dei strategiske satsingsområda.

### **Tid**

Avtala vert revidera kvart 4. år. Den kan rullerast oftare dersom det vert behov for det, og i samråd med kommune og politi og vedtak i politirådet.

**Teieplikt**

Teieplikta skal respekterast av alle involverte parter. Opplysingar som er teiepliktige skal til ei kvar tid behandlast etter gjeldande lovar og reglar.

**Gyldigheit**

Avtala gjeld for perioden 2024-2028. Avtala evaluerast innan utgangen av 2025.

Dato :

7/5-24

Tenesteeiningsleiar

Ordførar